



DET KONGELEGE
KOMMUNAL- OG REGIONALDEPARTEMENT

Statsråden

Noregs forskingsråd
Postboks 2700 St. Hanshaugen

0131 OSLO

Dykkar ref

Vår ref
11/53-1 MGU

Dato

10 FEB 2011

Statsbudsjettet 2011 - Oppdragsbrev

1 Innleiing

Kommunal- og regionaldepartementet syner til Prop. 1 S (2010-2011) for departementet, til Innst. 16 S (2010-2011) og til orienteringsbrevet datert 5. oktober 2010.

I dette oppdragsbrevet gir departementet rammene til Noregs forskingsråd over kap. 500, post 50 og kap. 552, post 72. Brevet inneheld òg presiseringar i høve til dei dokumenta som er nemnde ovanfor.

Tabell 1. Midlar som blir stilte til disposisjon for verksemda til Noregs forskingsråd i 2011.

Kap.	Post	Namn	Beløp i 1 000 kr
500	50	Forskningsprogram under Noregs forskingsråd	15 000
552	72	Nasjonale tiltak for regional utvikling	75 200

Kommunal- og regionaldepartementet stiller totalt 90,2 mill. kr til disposisjon for Noregs forskingsråd i 2011. På kap. 500, post 50 er det løyvd 15 mill. kr, mens det på kap. 552, post 72 er løyvd 75,2 mill. kr. Den samla løyvinga på kap. 552, post 72 er på 459,75 mill. kr. Løyvinga på kap. 552, post 72 inneheld òg dei midlane som tidlegare blei løyvde over kap. 551, post 71 Nordområdetiltak. Vedlegg 1 inneheld ei oversikt over rammefordelinga av heile programkategori 13.50 Distrikts- og regionalpolitikk.

2 Overordna utfordringar og prioriteringar

Departementet syner til tildelingsbrevet frå Kunnskapsdepartementet (KD), som inneheld ein felles målstruktur for tildelingane frå departementa til Noregs forskingsråd.

Postadresse: Postboks 8112 Dep, 0032 Oslo
Kontoradresse: Akersg. 59, Telefon: 22 24 90 90, Telefaks: 22 24 27 40
Org.nr.: 972 417 858

Hovudmål for Noregs forskingsråd, som gjeld alle løyvingar frå departementa og fylkeskommunane:

- Mål 1: Auka kvalitet, kapasitet og relevans i norsk forskning i heile landet.
- Mål 2: God ressursutnytting og formålstenleg arbeidsdeling, samhandling og struktur i forskningssystemet.
- Mål 3: At resultat frå forskinga blir tekne i bruk i næringslivet, samfunnslivet og forvaltninga i heile landet.

Kommunal- og regionaldepartementet har i tillegg mål som er knytte til satsingar på sitt eige budsjett og på programverksemd.

2.1 Sektorpolitiske mål og styringssignal

Dei overordna måla for distrikts- og regionalpolitikken til regjeringa er nedfelte i St.meld. nr. 25 (2008-2009) *Lokal vekstkraft og framtidstru. Om distrikts- og regionalpolitikken*. Regjeringa ønskjer å gi folk reell fridom til å velje kvar dei vil bu, sikre likeverdige levekår og ta ressursane i heile landet i bruk. Regjeringa vil halde oppe eit spreidd busetnadsmønster som sikrar verdiskaping i heile landet og som tek vare på viktige kulturelle og historiske verdiar som er sentrale for eigenarten i landet. Regjeringa vil styrkje lokal og regional vekstkraft i område med låg økonomisk vekst, lang avstand til større marknader, einseitig næringsstruktur og stagnasjon eller nedgang i folketalet. Regjeringa vil leggje til rette for å styrkje og utnytte verdiskapings- og kompetansmiljøa i heile landet for å fremme innovasjon og verdiskaping i byane og distrikta. Nettopp samspelet mellom by og land er viktig for norsk næringsutvikling.

Løyvinga skal nyttast til å fremme varig verdiskaping i område med særlege utfordringar. Departementet vil at midlane skal bidra til gode omstillings- og utviklingsprosessar i bedrifter og næringsmiljø. Vidare er det eit ønskje at innovasjons- og næringsmiljø skal stimulerast til vidare vekst gjennom sterkare samarbeid mellom bedrifter og/eller FoU-institusjonar.

Departementet legg vekt på at midlane til Noregs forskingsråd i all hovudsak skal brukast innanfor det distriktpolitiske virkeområdet. Bruk av midlar utanfor virkeområdet må ha ei særskild grunngiving og må sjåast i samheng med målet om å utvikle vekstkraftige regionar, jf. retningslinene for posten (www.regjeringen.no/krd-retningslinjer).

2.2 Satsingsområde

Kvinner som målgruppe

Regjeringa la i 2008 fram *Handlingsplan for meir entreprenørskap blant kvinner*. Målet er at det skal vere minst 40 prosent kvinner blant dei nye entreprenørane innan 2013. Departementet ber Noregs forskingsråd arbeide for ein auke i prosentdelen av kvinner innanfor dei aktuelle programma og tenestene.

Departementet ber vidare Noregs forskingsråd om å skaffe fram relevant statistikk for utviklinga i prosentdelen av kvinner i dei aktuelle programma og tenestene, i dialog med departementet.

Integrering av bustadspørsmål i VAM-programmet (Velferd, arbeidsliv og migrasjon)

Hovudmålet i bustadpolitikken er at alle skal bu trygt og godt. Departementet ynskjer å synleggjere bustadpolitikken si rolle i velferdspolitikken og vil integrere bustadspørsmål i programmet Velferd, arbeidsliv og migrasjon frå 2011. Å ha ein egna bustad kan vere like sentralt for deltaking i samfunnet som for eksempel arbeid er. Departementet meiner at bustadspørsmål har ein naturleg plass innanfor programmet.

3 Nærare om målstrukturen og dei einskilde postane og ordningane

3.1 Kap. 500, post 50 Forskingsprogram under Noregs forskingsråd

Departementet stiller totalt 15 mill. kr til rådvelde over kap. 500, post 50 Forskingsprogram under Noregs forskingsråd. Av dette skal 10 mill. kr nyttast til å vidareføre forskning under programmet Demokrati, styring og regionalitet (DEMOSREG) og 5 mill. kr til å integrere bustadspørsmål i programmet Velferd, arbeidsliv og migrasjon (VAM).

DEMOSREG: Målet for DEMOSREG er at det skal kome fram kunnskap om demokratiutfordringar, lokale og regionale styringsutfordringar og regionale strukturendringar. Samanhengen mellom desse tema skal gjerast tydeleg. Hovudutfordringa ligg i å skaffe kunnskap om dei trekka i samfunnsutviklinga som særleg har å gjere med demokrati- og styringsutfordringane og den geografiske dimensjonen i utfordringane. Behova til departementet er primært knytte til anvendt forskning og utvikling. Departementet ønskjer difor at ein legg vekt på forskning for politikkkutforming. Departementet legg til grunn at programmet sørgjer for god formidlingsaktivitet i 2011. Departementet ber òg om å få ei kort oppsummering av resultatata frå prosjekta i fase 1 i programmet. Departementet viser her til at vi har moteke ein rapport over prosjekt som er avslutta før desember 2010. Departementet ber òg om å få ei oppsummering av prosjekt som avsluttast etter at denne rapporten blei skreve. Tidsfrist for oppsummering av prosjekta er 1. desember 2011. Departementet vil òg be Noregs forskingsråd tidleg i den nye programperioden om å sette i gong tiltak som sikrar ei kort oppsummering av resultatata frå prosjekta i fase 2.

VAM-programmet: Departementet vil gjere synleg bustadpolitikken si rolle i velferdspolitikken og ynskjer difor å integrere bustadspørsmål i VAM-programmet. Føremålet er å få fram ny kunnskap om bustadspørsmål i eit heilskapleg velferdsperspektiv. Målet for VAM er å skaffe ny kunnskap av høg kvalitet om grunnlaget for velferdssamfunnet, verkemåtar og prosessar. Prioriterte forskingsspørsmål for programmet er mellom anna sosial ulikskap og fattigdom, familie og samfunn, marginalisering og kriminalitet, helse og funksjonsevne og migrasjon. Dette er temaområde som er særskild relevante for

bustadspørsmål. Departementet deltek i det rådgjevande fagutvalet for VAM og ynskjer å ha ein god og aktiv dialog med Forskingsrådet om vår deltaking i programmet.

3.2 Kap. 552, post 72 Nasjonale tiltak for regional utvikling

Kommunal- og regionaldepartementet har sett opp ein heilskapleg målstruktur for dei distrikts- og regionalpolitiske verkemidla over programkategori 13.50. Målstrukturen skal vere dekkjande for alle tiltak det er aktuelt å bruke dei økonomiske midlane til, og er grunnlaget for registrerings- og rapporteringssystemet til departementet.

Satsingane under kap. 552, post 72 høyrer inn under hovudmål 1 og hovudmål 2 i denne målstrukturen og fordeler seg i hovudsak på to arbeidsmål, jf. tabell 2.

Tabell 2. Samanhengen mellom arbeidsmål og program under Noregs forskingsråd med ei samla økonomisk ramme på 75,2 mill. kr over kap. 552, post 72 i 2011.

Arbeidsmål	Program og satsingar	Tildeling i 2011. Mill. kr
1.1 Styrkje næringsmiljø	VRI	39,0
	Regionale representantar	1,2
2.2 Kompetanse	Forskingsløft i nord	35,0

Nedanfor følgjer ei konkretisering av bruken av midlane på utvalde tema under kvart arbeidsmål. Vi syner elles til planane for dei einskilde programma når det gjeld mål og forventa resultat av innsatsen. Administrasjons- og gjennomføringskostnader som knyter seg til dei ulike aktivitetane og programma, skal dekkjast innanfor dei gitte rammene for programma. I retningslinene for kap. 552, post 72 er det frå og med 2011 teke inn eit nytt punkt om slike kostnader.

Arbeidsmål 1.1

VRI (Verkemiddel for regional FoU og innovasjon): Departementet set av 39 mill. kr til VRI-programmet i 2011. Departementet ber Noregs forskingsråd halde departementet orientert om arbeidet med koplinga mellom VRI og dei regionale forskingsfonda.

Regionale representantar. Departementet stiller 1,2 mill. kr til rådvelde i 2011. Midlane skal medverke til at heile Nord-Noreg er dekt av dei regionale representantane som skal formidle kva moglegheiter som ligg i verkemidla til Noregs forskingsråd, og kople saman viktige regionale og nasjonale FoU-aktørar i regionane. Representantane skal òg formidle utfordringane i regionane tilbake til Noregs forskingsråd. Noregs forskingsråd har ansvar for å medverke til at innsatsen blir spissa og differensiert ut ifrå fortrinn og behov i ulike regionar og næringer.

Arbeidsmål 2.2

Forsningsløft i nord: Forsningsløft i nord blir vidareført i tråd med programplanen med 35 mill. kr i 2011. Innsatsen skal sjåast i samanheng med programverksemda under verkemiddelaktørane og dei desentraliserte verkemidla over kap. 551, post 60 og 61 i Nord-Noreg.

4 Andre føresetnader

Vilkår og retningslinjer

Noregs forskingsråd skal sjå til at midlane blir disponerte i samsvar med dei vilkåra og føresetnadene som er tekne inn i departementet sin budsjettproposisjon for 2011, budsjettinnstillinga og vedtaket i Stortinget. Midlane skal disponerast i samsvar med regelverket for økonomistyring i staten, programomtalene, retningslinjene for kap. 552, post 72 og regelverket for offentleg støtte innanfor EØS-avtalen (jf. vedlegg 2).

Noregs forskingsråd skal etablere system for tilskotsforvaltning i tråd med kap. 6 i Bestemmelser om økonomistyring i staten. Det er òg viktig at ein tek etiske omsyn i sakshandsaminga. Midlane skal forvaltast etter prinsippa for mål- og resultatstyring.

Noregs forskingsråd skal varsle departementet om avvik frå dei vedtekne planane eller oppdragsbrevane straks verksemda får kjennskap til slike avvik.

Samarbeid med andre nasjonale aktørar og med fylkeskommunane

Noregs forskingsråd skal vidareføre det gode samarbeidet mellom dei tre verkemiddelaktørane, mellom anna om felles programsatsingar som NCE-programmet og kvinnesatsinga. Departementet ber òg Noregs forskingsråd vidareføre samarbeidet med fylkeskommunane og med andre aktørar, til dømes Distriktssenteret og Ungt entreprenørskap.

Kommunikasjon og informasjon

Noregs forskingsråd skal aktivt synleggjere resultat som er oppnådde som følge av innsatsen til rådet på politikkområdet til departementet, både overfor eksterne målgrupper og overfor departementet. Noregs forskingsråd skal orientere departementet i god tid før offentleggjering av viktige utgreiingar som er gjennomførte, eller rapportar som er bestilte for midlar frå departementet. I tråd med dei rutineane som er avtalte, skal Noregs forskingsråd varsle departementet om saker som kan bli store i media, både kontroversielle saker og saker som elles kan skape stor merksemd i det offentlege rom. Departementet legg til grunn at Noregs forskingsråd kjem med forslag til moglege profileringar, og at Noregs forskingsråd tek kontakt med departementet for å få avklare om departementet skal vere med på synleggjeringa av resultat og einskilde saker.

5 Rapportering og resultatoppfølging

Overføring av midlar

For kap. 500, post 50 kjem departementet til å betale ut 50 prosent av midlane, i alt 7,5 mill. kr, samstundes med oppdragsbrevet. Resten blir utbetalt innan utgangen av 2011. For kap. 552, post 72 vil departementet overføre rammene i like store delar tre gonger i året, i februar, juni og oktober. Midlane blir overførte til den same kontoen som i 2010 med mindre vi får melding om noko anna.

Rapportering

Departementet syner til vedlegg 3 *Rapporteringskalender* og vedlegg 4 *Krav, rapporterings skjema og veileder til statistikkrapporteringen for virkemidlene fra departementet*. Vedlegg 4 er oppdatert i høve til rapporteringssystemet for programkategori 13.50 frå januar 2011. Rapporteringa blir mellom anna nytta i departementet si aktivitetsrapportering i Prop. 1 S.

Departementet ber om at Noregs forskingsråd vurderer måloppnåinga for midlar frå departementet i den skriftlege årsrapporten.

Departementet ber òg om å få rapport om utviklinga i prosentdelen av kvinner innanfor alle program og tenester for å synleggjere kjønnsbalansen når det gjeld deltakarane og den stønaden som er utdelt.

Kap. 552, post 72 er ein tilskotspost, og Stortinget må informerast om kor mykje av midlane på posten som blir brukt til å dekkje administrasjons- og gjennomføringskostnader ved sjølve forvaltninga av midlane. Departementet har difor etablert ein ny variabel, administrasjons- og gjennomføringskostnader, der desse midlane skal registrerast.


Rekneskap og kontroll med løyvingane

Noregs forskingsråd skal føre ein eigen rekneskap for bruken av midlane. Rekneskapen skal førast slik at det alltid går fram kva for aktørar og kva for prosjekt som har fått midlar, og kor mykje. Både departementet og Riksrevisjonen kan be om innsyn i bruken av midlane.

Evalueringar

Noregs forskingsråd skal gjennomføre evalueringar av program, satsingar og tenester, jf. økonomireglementet (§ 16). Departementet ber om å bli involvert tidleg i prosessane, for å delta i utforminga av oppdraga, og i referansegrupper. Departementet skal informerast om hovudresultata frå evalueringane og korleis Noregs forskingsråd vurderer dei og planlegg å følgje dei opp.

Med helsing


Liv Signe Navarsete

Vedlegg

1. Oversikt over rammefordelinga av programkategori 13.50 Distrikts- og regionalpolitikk
2. Retningslinjer for bruk av kap. 552, post 72
3. Rapporteringskalender for 2011
4. Krav, rapporteringsskjema og veileder til statistikkrapporteringen for virkemidlene fra Kommunal- og regionaldepartementet

Kopi til:

Distriktssenteret – Kompetansesenter for distriktsutvikling

Fylkeskommunane og Oslo kommune

Innovasjon Noreg, Hovudkontoret

Kunnskapsdepartementet

Plan- og administrasjonsavdelinga i KRD

Riksrevisjonen

SIVA